



Bergen og Omland
Friluftsråd

Årsrapport 2025



Styrets årsmelding	4
Fra båling til bading	8
Høgstemt avslutting av friluftslivets år	12
Eit godt år for Bjørnafjorden	14
Tom Georg Indrevik skritta mest av ordførarane	18
Mingling i strandsona	20
Nord på Askøy har dei lært å klara seg sjølve	22
Amy gav BOF mye ekstraarbeid	24
Naustdalen, nytt friluftsområde på rekordtid	26
Vi kan alltid bli betre	28
Bof - ein stor og viktig fellesskap	32
Utført arbeid i 2025	34
Eiendomsoversikt 2025	46
Årsregnskap	52
Noter	55
Budsjett og kontingenter	63
Samarbeidsavtale for Bergen og Omland Friluftsråd	64

Friluftsliv fra hav til fjell

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) forvalter, tilrettelegger og drifter friluftslivsområder i Bergen og omlandskommunene.

BOFs båter inngår i Skjærgårdstjenesten, som er en nasjonal sjøtjeneste med formål å drive skjøtsel, vedlikehold og renovasjon av offentlig eide friluftslivsområder langs kysten. Tjenesten har også oppsynsoppgaver og driver skjøtsel i naturvernområder, i samarbeid med Statsforvalteren og Statens naturoppsyn (SNO).



Utforming:
Frithjof Fosse, Bergen og Omland
Friluftsråd (BOF)

Foto: BOF, der ikke annet er nevnt
Design: Bodoni

Forside: Framnes i Bjørnafjorden
kommune.

STYRETS ÅRSMELDING

Friluftslivsåret 2025

2025 har internasjonalt vært preget av økt konfliktnivå. Krigen i Ukraina fortsetter og spenninger også mellom vestlige land kan lede til at folk blir usikre, føler frykt og lever med tunge tanker. Hva er vel da bedre enn å kunne utligne alt dette med det deilige friluftslivet? Det minner oss på at vårt arbeid for friluftsliv og folkehelse er mye viktigere nå enn tidligere.

Styret avsatte egne midler, som i tillegg til en stor pengetildeling fra Gjensidigestiftelsen utgjorde en raus ordning hvor vår pengestøtte til deltagerkommunene, ga disse mulighet til å gi støtte til lokale lag og foreninger.

Året i friluftsrådet

Det gode arbeidet med sikring, tilrettelegging og drift av regionens friluftsområder har fortsatt med full styrke også i 2025. Flere prosjekter er gjennomført i kommunene, og særlig i Bjørnafjorden hvor områdene på Framnes, Tellevika og Steinavikjø er tilrettelagt av BOF i samarbeid med kommunen. På Skår i Austevoll ble den nye padlehuken offisielt åpnet av varaordfører på forsommeren. Den strålende flotte juli-måneden satt særlig våre sommervikarer på prøve, men sammen med vårt driftspersonell har vi sørget for at friluftsområdene har blitt skjøttet på en god måte.

Friluftslivets år 2025

I Friluftslivets år fikk BOF en stor pengetildeling fra Gjensidigestiftelsen. Styret avsatte i tillegg egne midler og til sammen utgjorde dette en raus ordning hvor vår pengestøtte til deltagerkommuner ga disse mulighet til å gi støtte til lokale lag og foreninger som ønsket å arrangere friluftaktiviteter. Dette resulterte i flere hundre arrangementer. På Helleneset inviterte BOF, i samarbeid med lokale foreninger til familiedag. I strålende sol fikk 100-vis av besøkende delta på gøyale aktiviteter på land og til vanns, og ellers nyte de fasiliteter Helleneset har å by på.

I 2025 hadde oppgavefelleskapet en omsetning på kr 37 031 191, - og driftsutgifter på kr 37 918 807,-. Netto finansinntekter var kr 910 847,-, motpost avskrivninger med kr 1 566 020 med et resulterende driftsresultat på kr 1 589 250,-. Avsetning til disposisjonsfond kr 4 039 619,-.

- Selskapets tildeling til opprydning av marin forsøpling opplevde en større nedgang. For å redusere kostnadene tilsvarende kunne ikke selskapet betale renova-



sjonselskaper slik man gjorde før, men i stedet henvise disse til Hold Norge Rent sin refusjonsordning.

- Vedrørende inntekter fra andre har selskapet fått tilsagn om betydelige beløp bla til renoveringen på Håøy, men utbetaling og inntektsføring kommer i senere perioder i tråd med fremdrift og rapportering.

- På utgiftssiden er kostnadene til marin opprydning redusert som en følge av inntektsbortfall som nevnt over. I tillegg er kostnadene til entreprisoppdrag lavere enn budsjettert, da prosjektene er forsinket.

BOF har ingen langsiktig gjeld utover pensjonsforpliktelse, god likviditet og arbeidskapital. Omløpsmidler utgjør kr 38 966 558,-, opp fra kr 36 589 427,- i 2024. Kortsiktig gjeld er kr 6 257 964,-, opp fra kr 5 151 914,- i 2024. Avsetninger til bundne fond utgjør kr 200 000. Frie midler på disposisjonsfond er på kr 21 376 287,-. Dette er resultat av langsiktig planlegging for å kunne foreta nødvendige investeringer i driftsmidler og sikre stabil drift, da rammebetingelsene raskt kan endre seg.

Man har i stor grad videreført bruken av interne ressurser i skjøtsels- og tilretteleggingsarbeidet. Det reduserer kostnadsnivået samtidig som kvalitetsnivået bevares høyt. Likevel må også vi ty til innleie av ekspertise, som f.eks når kommandantboligen på Håøy (Alver kommune) skal renoveres eller når Ljonesvågen (Kvam herad) skal tilrettelegges. Man har i tillegg vært flink til å utnytte tilskuddsordninger både innenfor tilrettelegging, aktivitetstiltak og marin forsøpling.

STYRET I BOF: Styret på styretur i Voss kommune, en av de nye deltagerkommunene i BOF.



HERDLA FRILUFTSLIVSOMRÅDE PÅ ASKØY: Friluftslivets år ble avsluttet med nasjonalt arrangement på Herdla museum.

Foto: Jo Magne Liabø.



Det har ikke vært interne eller eksterne forhold som har medført at man ikke har kunnet arbeide mot målsettingene iht formålsparagrafen i samarbeidsavtalen.

Oppgavefelleskapet har målsetning om høy etisk standard for arbeidsmiljøet, samt det interne og det eksterne arbeidet. Interne instruksjoner omhandler forholdet til kunder og leverandører, offentlig innkjøpsverk, god forretningsskikk, varsling av kritikkverdige forhold og taushetsbelagte forhold. Det etterstrebes etterlevelse av den etiske standarden.

Friluftsrådet har godt arbeidsmiljø. Andelen kvinner ved utgangen av 2025 er på 28%. Sykefraværet målt i tapte dagsverk var på 2,5%. Reduksjonen fra 11% prosent i 2024 skyldes reduksjon i langtidssykefravær. Bedriften har 19 ansatte i 18 årsverk, herunder en ansatt i permisjon. To menn arbeider deltid, en kvinne og to menn har midlertidig ansettelse. Det er ikke observert ufrivillig deltid blant ansatte.

Det arbeides for å ivareta aktivitetsplikten mtp kjønnslikestilling og diskriminering. I HMS-håndboken beskrives rutiner og hvordan det jobbes for kjønnsbalanse, likestilling og mot diskriminering. Justert for ansiennitet



STEINGARDSVIKANE FRILUFTSLIVSOMRÅDE PÅ MILDE: Frivillige fra BUA Hjellesstad var en av organisasjonene som bidro på åpningsarrangementet Hele Norge bålet.

og kompetanse (utdanningsnivå) er det ikke observert vesentlige forskjeller i lønnsnivå mellom kvinner og menn. Det er gjennom rekruttering av nye medarbeidere kjønnsbalansen kan påvirkes. Kvinner oppfordres til å søke. I 2025 ble det gjennomført én rekruttering. Den hadde positiv påvirkning på kjønnsbalansen. Det utvises fleksibilitet i ansettelsesforhold slik at både kvinner og menn kan tilpasse sin arbeidstid gjennom fleksible ordninger og hjemmekontor. Likestilling omfatter også tilrettelegging av friluftsområder for personer med spesielle behov. Derfor vektlegges universell tilrettelegging så langt det lar seg gjøre innenfor de naturgitte forhold og andre avveininger som må gjøres.

I 2025 har det vært gjennomført intern revisjon av HMS med vekt på arbeidsrutiner, risikoanalyser og psykososiale forhold. Arbeidet inngår i den årlige rutine, hvor det også kartlegges forhold og årsaker som kan medføre risiko for diskriminering og virke hindrende for likestilling.

11 avvik er rapportert. Alle ble avdekket i vernerunder. 4 av avvikene var fortsatt åpne ved utgangen av året. 6 uønskede hendelser er rapportert. Ingen med alvorlige konsekvenser og samtlige er lukket.

Styret retter en stor takk til våre ansatte og samarbeidspartnere

Det frivillige engasjementet er fortsatt høyt i kommunene. Det har friluftslivets år virkelig vist oss! Oppgavefelleskapet har knyttet til seg frivillige krefter gjennom både formelle og uformelle avtaler, og styret ønsker å rette en stor takk til den viktige jobben disse utfører på vegne av oss alle. Også ansatte i friluftsrådet fortjener en stor takk for den arbeidsglede og innsats som utvises i arbeidsdagen. Det er dere som klarer å skape den gode kulturen. Akkurat det er kanskje den viktigste forutsetningen for de gode resultatene det kan vises til.

Styret ønsker også å rette en takk til våre samarbeidspartnere, inkl. deltager-kommuner, Miljødirektoratet, Friluftsrådernes Landsforbund, dugnadsgjenger, oppsynsfolk, foreninger og de mange frivillige mannskaper. Det gode samarbeidsmiljøet har vi alle skapt sammen og det har gitt mange gode resultater vi alle kan vise til.

Styret



STEINGARDSVIKANE: Hele Norge båler.



HELLENESET: Hele Norge bader.

Fra båling til bading

Under mottoet “hele Norge båler” ble Friluftslivets år offisielt åpnet med et arrangement i Steingardsvikane i Ytrebygda 18. januar i 2025. Fem måneder senere, 14. juni, var det klart for “hele Norge bader”.

Tekst av: Knut Langeland

– Det ble et stort og flott høydepunkt i et travelt år, forteller Lisbet Dyrkolbotn, prosjektleder i BOF for Friluftslivets år.

Selveste Helleneiset var åsted for arrangementet, der mye av ideen var å invitere folk i nabolaget og andre nysgjerrige på besøk for å gi dem et innblikk i Bergen og Omland Friluftsråd, alt de står for, alt de tilbyr og alt de kan bidra med i bygder og lokalsamfunn.

Åpen kiosk

Også mange av BOFs samarbeidspartnere var til stede med stands og spennende demonstrasjoner av deres

spisskompetanse, og jentelaget til Varegg/Sandviken fikk benytte kjøkkenet ved BOFs hovedkontor til å holde åpen kiosk med salg av is og brus og diverse annet i anledning dagen.

Arrangementet ble markedsført gjennom ulike kanaler. Lokale barnehager, skoler, ranselpost Facebook og interne kampanjer i lag og organisasjoner. Responsen var stor, og publikumstilstrømningen ble dessuten godt hjulpet av nydelig sommervær.

– En god del av dem som kom, var ikke klar over tilstelsen, forteller Dyrkolbotn.

Et stykke marint avfall

Blant dem som stilte med stand, var Åsane Seilforening, Speideren, Bergen fridykkerklubb og Frilager. Sikkerheten ble ivaretatt av Bergen Røde Kors, som hadde enheter både på land og på sjø. Fridykkerklubben hentet opp en sparkesykkel fra sjøen. Det ble en spennende kuriositet, men dessuten en demonstrasjon på hva klubben blant annet driver med, nemlig rydding av marint avfall. Den største køen var kanskje den ved Frilager. Deres tilbud om lån av SUP-brett var svært populært.

– Det var et høyt aktivitetsnivå både på sjø, i basseng og på land, sier Lisbet Dyrkolbotn.

– Ikke bare lek og moro, men også kunnskapsformidling, blant annet om allemannsretten.

Dyrkolbotn anslår tallet på besøkende til flere hundre. Vestland Innvanderråd serverte spennende og eksotisk mat.

Askøy laget kortstokk

Samlet sett ble Friluftslivets år markert på mange forskjellige måter rundt om i kommunene. Midler fra Friluftsråde-

nes Landsforbund ble fordelt så rettferdig som mulig, til sammen 1,6 millioner kroner. Kommunene selv var frie til å finne på relevante tiltak. Mange valgte å fordele pengene til lokal frivillighet.

På Askøy lyste kommunen ut en fotokonkurranse, der utfordringen var å fotografere lokal natur. Flere hundre bilder kom inn. Et utvalg plukket ut 52 av disse til å prege en kortstokk med motiver fra Askøy.


– Et kreativt og spennende tiltak, som kommunen har planer om å følge opp, forteller Lisbet Dyrkolbotn.

Ingen har fått penger uten krav til aktivitet og dokumentasjon. Lisbet Dyrkolbotn valgte å være en streng, men rettferdig pådriver og medspiller.

– Vi bad om søknad i forkant, og referat i ettertid. Det er viktig at pengene blir brukt i samsvar med formålet. For meg som prosjektleder var det nødvendig å holde oversikten, sier Lisbet Dyrkolbotn.



BILDER FRA NOEN AV AKTIVITETENE I FRILUFTSLIVETS ÅR 2025:



Høgstemt avslutting på Friluftslivets år

Klårver, høg himmel og supermåne. Ja, naturen sjølv sytte for å stilla opp og spela på lag då Friluftslivets år vart offisielt runda av på Herdla i byrjinga av desember.

Tekst av: Knut Langeland

På toppen av naturens eige storsinn etter dagar med plaskregn, kom dei fantastiske kulturelle innslaga, med nydelege saksofontonar, fakkeltog, fine talar, allsang, matservering og bål. Stemninga i "Krateret" på Herdla nådde sakrale høgder, og meir enn ein tok ordet "magisk" i sin munn.

– Eg måtte fella ei tåre, fortel Lisbet Dyrkolbotn, som har vore prosjektansvarleg for Friluftslivets år i Bergen og Omland Friluftsråd (BOF).

– Stor stas

Sjølve den nasjonale avsluttinga av året var eit samarbeid mellom Askøy kommune og alle friluftslivsorganisasjonane samla under paraplyorganisasjonen Norsk Friluftsliv. Stig

«KRATERET» PÅ HERDLA: Nasjonal avslutting av Friluftslivets år.

Foto: Jon Magne Liabø.

Ryland, rådgjevar for kultur, idrett og næring i Askøy kommune var den lokale koordinatoren.

– Det var utruleg kjekt at vi fekk høve til å ha avslutningsmarkeringa her. Det var stor stas at Norsk Friluftsliv ville runda av det nasjonale friluftsåret på Askøy, saman med alle aktørane som har bidrege så mykje til friluftsglede på øya. Friluftsfesten blei akkurat så magisk som vi drøymde om, seier Ryland.

Godt over hundre personar i alle aldrar møtte fram til arrangementet på Herdla. Det byrja med ein inspirasjonskonferanse inne på Herdla museum, der det vart framført musikk og bydd på føredrag, innimellom kakeservering og mingling. Publikum fekk mellom anna møte Safari Shabani frå Zambia, som fortalte om sitt møte med norsk natur og korleis det har påverka livet hans, til det betre, sjølv sagt.

Eksotisk

Jazzmusikaren Håkon Skog Erlandsen har spelt saksofon på dei høgaste fjella på alle kontinent, Mount Everest inkludert. Både han og Shabani har vore ambassadørar for Friluftslivets år. Saksofonen til Erlandsen lydte godt inne på museet, men kom endå betre til sin rett etter at fakkeltog hadde teke følget ut under stjernehimlen, gjennom tunnelen og inn i det klangfulle "Krateret". Sjølv for ein blasert musikal med røynsle frå mange slags scener, var det ei eksotisk oppleving.

Erlandsen delte også opplevingar frå sitt ikkje alltid like ukompliserte liv, så det var ikkje berre dei vare tonane som rørte dei framømte.

– Eg måtte grina fleire gonger, seier Stig Ryland.

– Friluftslivet verkar samlande

Både han og Lisbet Dyrkolbotn er djupt takksame for at dei fekk vera med på det som framstår som eit høgdepunkt i friluftsåret 2025.

– Det var ei vakker stund. Ei oppleving av korleis friluftslivet gjer oss godt og verkar samlande sjølv om vi ikkje kjenner kvarandre så godt frå før, seier Lisbet.

Ved nyttår var hennar halvtanna år lange engasjement i BOF over. Ho har sagt farvel til ein organisasjon som ho har trivdest svært godt i, og som kjem til å sakna henne.



HERDLA: Jazzmusikaren Håkon Skog Erlandsen spelte saksofon.

– Lisbet var snar til å knyta kontakt med personar ute i medlemskommunane. Ho tok ansvar og etablerte relasjonar for å skapa engasjement og aktivitet. For vår del var nøkkelen til å få til alt det vi faktisk har fått til, å tilsetja henne, seier Frithjof Fosse, nestleiar i BOF.

– Heilt fantastisk, seier Lisbet Dyrkolbotn om tida si i BOF.

– Eg vart godt motteken av flinke folk med engasjement for jobben sin, og eg har fått jobba med det eg brenn for: Friluftslivet. Eg håpar mine erfaringar herifrå kan bidra til at andre kjekke moglegheiter dukkar opp seinare i livet.

Eit godt år for Bjørnafjorden

Bergen og Omland Friluftsråd legg vekt på å distribuera både pengar og innsats på ein rettvis måte. Over år fordeler tiltaka seg jamt mellom kommunane, men år om anna kjem ein kommune heldigare ut enn andre. I 2025 var det Bjørnafjorden som fekk nytta godt av høg BOF-aktivitet.

Tekst av: Knut Langeland

– Det kan vera mange grunnar til at ein kommune plutselig får høve til å realisera fleire prosjekt på ein gong. Det kan vera at ting løyer seg finansielt, eller det kan vera tilgang til grunnen som plutselig blir klarert, seier nestleiarer i BOF, Frithjof Fosse.

Det var ein kombinasjon av ulike faktorar som fall heldig ut i Bjørnafjorden sitt tilfelle. Ikkje mindre enn tre friluftsområde rakk kommunen å få fortgang på arbeidet med i løpet av 2025. Vi tek dei etter tur:

Tellevika

På hi sida av Lakshammaren, beint sør for Mobergsvika, ligg Tellevika. “Ei skjult perle”, ifølgje Tom Leonsen, rådgjevar for idrett og friluftsliv i Bjørnafjorden. I 2015 vart eigedomen overteken av dåverande Os kommune.

– Vi såg straks at dette var eit område vi måtte syta for å utvikla, seier Leonsen.

I samband med Friluftslivets år løyvde kommunen ein million kroner til prosjektet. Samstundes kom BOF med midlar og mannskap. Backer bolig, som hadde kjøpt tomte bak, bidrog med ein halv million, og då området vart statleg sikra, kom det pengar også frå Miljødirektoratet. Totalsummen som kom ut av dette spleiselaget, endte på rundt tre millionar kroner. I svært mange tilfelle, også dette, er det ein bukett av ulike finansieringskjelder som står bak og mogleggjer realiseringa av eit prosjekt.

– Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom BOF, kulturreininga og prosjektavdelinga i kommunen. Tellevika er eit godt døme på kva ein kan få til når ulik spisskompetanse og fleire finansieringskjelder kan kombinerast, seier Tom Leonsen.

To tusen i nabolaget

For Tellevika sin del har alle bidraga resultert i ei oppgradering som gjer plassen til eit framifrå alternativ til det som i alle år har vore osingane sin best besøkte badeplass, Mobergsvika.

Men også den idylliske og langgrunne Tellevika har i mange år vore hyppig nytta av dei innfødde, som no er supplert av ein talrik liten bataljon med tilflyttarar. Omfattande bustadutbygging i nærområdet har gjort Tellevika til ein badeplass innanfor komfortabel gangavstand for rundt to tusen menneske i dag, ifølgje Tom Leonsen sine berekningar.

Større bakland

Når dei til våren tek turen ned i Tellevika, kjem dei til eit friluftsområde som har fått eit mykje større bakland, altså areal til soling, leik og ulik aktivitet. Ein stor grindverksbygd gapahuk med tilhøyrande grillplass er under oppføring, ein baderampe for funksjonshemma skal vera klar til badesesongen. Det same gjeld handikaptaolettet og rehabiliteringa av eksisterande kai for småbåtar. Generelt gjeld det at alt er tilrettelagd med universell tilkomst, også til kaien.

FRAMNES FRILUFTSOMRÅDE: Rehabilitering av naust og ny tilrettelagt kanobrygge.

Det høver godt for brukarane av Kuhnletunet, eit dagsenter og butilbod for personar med utviklingshemming og nedsett funksjonsevne, som li gg like i nærleiken. Også for barnehagar er Tellevika godt tilrettelagd.

Naustet som følgde med eigedomen, skal også pussast opp. Kva det skal innehalda, er inntil vidare uavklart. Somme drøymmer om både oselvar og SUP-brett, men fjorden som har gitt namn til kommunen, er verhard, så kommunen, i samråd med BOF, er nøydd til å gjera tryggleiksmessige avvegingar når det kjem til kva utstyr som kan gjerast alminneleg tilgjengeleg.

Tellevika, med den lune vågen, er ikkje berre ein badeplass. Mange nyttar området til fisking, og i det tilliggjande skogsområdet er det også eit fint stisystem som mange gler seg over. Det skal dei få halda fram med. Vegetasjonen i området vil bli bevart.

Steinavika (Steinavikjo lokalt)

Inst inne i Bjørnafjorden, der vestavinden treff fastlandet, ligg Baldersheim og Steinavika. Her har bygdalaget i årevis arbeidd for at kommunen måtte kjøpa eit areal på vestsida av barneskulen, ut mot fjorden. Baldersheim bygdalag har no fått ønsket sitt oppfylt. Arealet, som ikkje var brukande til stort før oppkjøpet, har no fått gangveg



STEINAVIKA: BOF bygger gapahuk i friluftsområdet.

inn og er omgjort til eit flott lokalt rekreasjonsområde, til glede for heile bygda.

Avtale med grunneigaren til nabotomta gjorde det mogleg å setja i gang med arbeidet. I tillegg til den eine kommunale millionen, stilte BOF med pengar til toalett, gapahuk og utsynspunkt med bord og benkar. Bygdalaget har stilt med eigne pengar og dessutan med dugnads-krefter. Spelemidlar har også vore ein del av finansieringa, og til sommaren ventar kommunen svar på ein søknad til Miljødirektoratet om midlar i samband med statleg sikring av området.

Frå før fanst det ein kommunal molo, ei privat båthamn og ei lita badefjøre i området.

– Heile prosjektet var ferdigstilt i desember, og det er ingen tvil om at bygdalaget sitt engasjement har vore avgjerande for at det let seg realisera, seier Tom Leonsen.

Prosjektavdelinga i kommunen har også hatt ansvar for gjennomføring av dette prosjektet.

Framnes

Framnes, også kalla Blyttaneset, ligg tett inntil E39 like sør for Søfteland. Framnes utgjer eit lite areal, men er i realiteten ein del av eit kjempestort friluftsområde, Raudlio og Stokkedalen, som dåverande Os kommune kjøpte av Statskog i 2014. Raudlio og Stokkedalen er ikkje villmark i den strenge tydinga av omgrepet, men visste du ikkje betre, kunne du fort blitt overttydd at dette måtte då vera eit lite stykke Canada.

Raudlio og Stokkedalen dekkjer eit stort areal på austsida av Gåssandvatnet og nordover mot Insta Raudlivatnet. Store deler av Osvassdraget renn gjennom friluftsområdet og bidreg berre til å forsterka kjensla av villmark.

Framnes tener som eit framifrå utgangspunkt for turar inn i dette spennande området, og den lokale jeger og fiskarforeininga har båt liggjande her for å letta tilkomsten til jakt i Stokkedalen. Friluftsrådet, i samarbeid med Frilager, har også gjort kanoar og kajakkar tilgjengelege på Framnes, vel vitande om Osvassdraget sine framifrå



KANOKURS FOR LÆRERE: Framnes friluftsområde tener som eit framifrå utgangspunkt for turar til Raudlio og Stokkedalen, men er og ein flott kursplass for friluftskurs.

kvalitetar for ro- og padleaktivitetar. Det er sett opp informasjonsskilt, og rutene ut frå Framnes inngår no i prosjektet "Ro- og padleruter i Vestland". Ei flytebyggje lettar utsetjinga av kajakk og kano.

Yrkesskuleelevar i praktisk arbeid

I løpet av 2025 er Framnes blitt betydeleg oppgradert, først og fremst i regi av BOF, men med Bjørnafjorden kommune som viktig medspelar. Naustet har fått nytt betonggolv og ny kledning, og på utsida er det støypt ei ny brygge. Dette arbeidet er det elevar ved yrkesskulen som har utført, på førespurnad frå BOF.

– Flott at elevane på den måten får kunnskap også om rehabilitering av bygg, ikkje berre om nybygg, seier Tom Leonsen. Han kan fortelja at det i si tid gjekk eit kort lite sidespor frå Osbana (1894-1935) og ned til vasskanten nett her på Framnes. Dette for å henta opp tømmer frå Osvassdraget for å avhjelpa mangelen på trevirke under første verdskrigen.

Framnes er såleis definert som eit kulturmiljø. Alle tiltaka som er gjort, har måtta vera i samsvar med regional mynde.

Opprustinga av Framnes er i hovudsak finansiert gjennom BOF. Verdien av arbeidet og investeringane som er gjort, tilsvarer om lag to millionar kroner. Området slik det framstår i dag, vil vera til stor glede for nabolaget.

– Her har eit betydeleg tal potensielle brukarar på Søfteland, i Gåsakilen og Hjellemarka fått eit spennande nærfriluftsområde, påpeikar Tom Leonsen.

Framnes grensar til garden Bergstø, ein kommunal eigedom som idrettslaget planlegg nye klubblokale og fotballbane på. Framnes ligg berre ti til femten minuttars spasertur frå skule og barnehagar.

Kursplass

Frithjof Fosse i BOF ser dessutan for seg Framnes som ein flott plass for komande friluftslivskurs. Allereie er plassen blitt nytta til det. Vinteren 2025/2026 var rundt 20 lærarar samla til kurs i naustet og det tilliggjande nærområdet.

– Erfaringa er at Framnes er godt eigna som kursplass. Det er ein beskytta, sikker plass for aktivitet, med grillplass, bord og benkar. Og i tilfelle dårleg ver har ein også ein plass å trekkja inn under tak, seier Fosse.

Tom Georg Indrevik skritta mest av ordførarane

Han kan ikkje mistenkjast for å villa framstå som atlet, men det gøymer seg mykje energi og konkurrensekraft i Tom Georg Indrevik. Såleis kan det knapt sjåast på som overraskande at det var nettopp Øygarden-ordføraren som gjekk sigrande ut av skritt-konkurransen som Bergen og Omland Friluftsråd tillyste for 2025, Friluftslivets år.

Tekst av: Knut Langeland

– Eg deltek på mykje, anten eg har føresetnader for det eller ikkje. Heilt ukjent med sigersintervju er eg heller ikkje. Men då har det no helst handla om valseigar, klukkar Tom Georg Indrevik, ordførar i Øygarden sidan kommunen vart etablert 1. januar i 2020.

– Denne typen konkurransar er kanskje ikkje det eg er mest van med å vinna.

Likar utfordringar

Indrevik har invitert til sigersintervju på ordførarkontoret. Det er god plass rundt bordet, og møblementet utstrålar både autoritet og høgtid. Om han hadde villa, kunne han gjort seg sjølv svært pompøs. Men ordføraren sjølv er

helst uformell i stilen, slipslaus, men likevel godt innanfor det som ventast må av ein ordførar.

56-åringen seier aldri nei takk til ei skikkeleg utfordring. Han viser fram eit ferskt bilete på mobiltelefonen. Det viser han og den tidlegare Sund-ordføraren Karianne Landro, no leiar i Vest næringsråd, med nevane djupt inne i kvar sine røyr. Der inne fanst det ti skruar og ti muttrar. Oppgåva var å finna og skru desse i hop, inne i røyret, på kortast mogleg tid.

Konkurransinstinktet slo straks inn. Indrevik vann den uhøgtidelege kappestriden.

– Eg er eit konkurransedrive menneske, og, ja, eg likar å vinna, slår Indrevik fast.

15.000 skritt om dagen

Det var difor aldri nokon tvil om at han skulle delta då invitasjonen frå BOF kom i posten. Inkludert i invitasjonen var det også ei pulsklokke, som deltakarane skulle ta på seg for slik å registrera og lagra resultat. Her kunne dei også følgja med på korleis dei låg an samanlikna med dei andre deltakarane.

I ordførarkonkurransen skilde Tom Georg Indrevik seg fort ut. Samla sett registrerte han 5.696.102 skritt, fem millionar sekshundreogtittisekstusen eitthundreogto skritt. Eit ganske formidabelt tal. Økonomen Indrevik reknar fort ut at det tilsvarer om lag 15.000 skritt for dagen. Eit snitt som han trygt kan ta med til fastlegen og hausta respekt for.

Den næraste utfordraren, Lars Fjeldstad frå Osterøy, hamna rundt ein million skritt bak.



7.177.999 SKRITT: Totalt for 2025 vart den store vinnaren Karl Birger (Biggen) Nesthus, fagarbeidar i BOF.

Sprekare i dag enn for ti år sidan

Tom Georg Indrevik fann mykje god inspirasjon i å delta i konkurransen. Han meiner at den nok har bidrege til ein ekstra kveldstur eller to. I løpet av året var han ofte inne på appen for å sjekka korleis det stod til, og særleg den siste månaden har han "vore innom" nesten dagleg for å følgja med.

– Eg er uviss på om familien var like begeistra for dette fokuset, smiler Indrevik.

Men det var slett ikkje slik at konkurransen utløyste berre eit kort og intensivt skippertak frå Øygarden-ordføraren si side. Han trenar faktisk ein heil del, spring ein halvmaraton eller to i året og greier stort sett å halda seg innanfor målet om å bruka mindre enn to timar på dei drygt 21 kilometrane. Økonomen, med tilleggsutdanning i leiararbeid, har også teke utdanning som spinninginstruktør. Han praktiserer kompetansen på eit treningsinstitutt i nabolaget.

Fint fellesskap i å trenar saman

– Eg tok opp att springinga då eg var hotelldirektør i Eidfjord på tidleg 2000-tal, men eg er mykje meir aktiv i dag enn eg var for ti år sidan. Eg har ein jobb med mykje stillestjing, og då må eg syta for å få brukt kroppen på eit eller anna vis. Det kan vera mykje ulikt, vedhogst, til dømes, eller ein rotur med båten. Eg er oppteken av kvardagsaktiviteten, at vi finn dei romma som er der, seier Tom Georg Indrevik, som synest det er kjekt at også kona er med på mange av øktene.

– Å ha nokon å trenar saman med, er ganske viktig. Det ligg eit fint fellesskap i det, seier Tom Georg Indrevik.

Det var i slutten av november i 2024 at invitasjonen gjekk ut. "Aktivitetsprosjekt" var den litt upretensjose merkelapp BOF sette på tiltaket. Men målet blei klart og tydeleg formidla:

"Stimulere til økt aktivitet for deg og din omgangskrets".

I BOF var det friluftskonsulent Jannecke Eeg Olsen som administrerte prosjektet, som også omfatta styremedlemmer og tilsette i Frilager og Bof. Til saman 27 personar deltok i eit utval av konkurransar. Sju av dei var ordførarar, inkludert kulturrådgjevar Silje Bakke, som var "stand-in" for Tysnes-ordførar Synnøve Bakke.

Totalt for 2025 vart den store vinnaren Karl Birger (Biggen) Nesthus, fagarbeidar i BOF. Han klokka inn på imponerende 7.177.999 skritt. Førsteplassen blant styremed-



SKRITTKONKURANSE: Tom Georg Indrevik vart suveren vinnar av ordførarane som deltok i skrittkonkurransen. Her er han fotografert med smartklokka som registrerte kvart einaste av dei 5.696.102 skritta. Foto: Knut Langeland

lemmer gjekk til Katrine Dale (representant fra Bergen kommune), med i overkant av tre millionar skritt.

– Nesten kvar månad har vi kåra ein vinnar. Konkurransene har vore varierte, slik at alle skulle få ein sjanse til å vinne. Her er eit oversyn:

- Januar** - flest skritt - Lars Torgilstveit, BOF
- Februar** - størst auke i talet på skritt skritt frå januar - Geir Knudsen, fagarbeidar BOF
- Mars** - beste turbilete - Lisbet Dyrkolbotn, prosjektleiar BOF
- April** - lengste turen - Lars Fjeldstad, ordførar på Osterøy
- Mai** - "breakout session": beste ordfører, beste styremedlem, beste BOF'er - Tom Georg Indrevik, ordførar i Øygarden, Nils Kåre Skoge, styreleiar BOF, Bjørn Nilsen, driftsleiar BOF
- Juni** - kven kom nærast snittet på talet på skritt? - Linda Thunes, fagarbeidar BOF
- August** - kven tek tiandeplassen? - Frithjof Fosse, nestleiar BOF
- September** - lykkehjul - Yngve Fosse, ordførar Askøy
- Oktober** - flotteste haustbilete - Tom Georg Indrevik, ordførar Øygarden
- November** - mest aktive helg - Lars Torgilstveit, driftsplanleggjar BOF
- Desember** - størst auke i aktivitet frå november - Katrine Dahle, styremedlem BOF.



INGUNN LIMSTRAND: Seksjonsleder i friluftslivs-seksjonen i Miljødirektoratet.

Mingling i strandsonen

Tekst og foto av: Knut Langeland

Ved første øyekast kan det ligne på starten på en travel sommerdag på Helleneset. Men folket er for godt innpakket til det, og på fjorden er det antydning til is.

Og, joda, som ventet viser det seg at det er fag det blir mumlet om over varmende kopper med nylaget gløgg. Inne på verksteder, om bord på båter og ute på kaiene.

Det er den nasjonale samlingen for driftsenhetene i Skjærgårdstjenesten vi er kommet til. Bofs hovedkvarter på Helleneset er for anledningen omgjort til et konferansesenter for erfaringsdeling og kompetansedeling.

Bli-kjent-samling

– Og dessuten en utmerket anledning til å møtes og bli kjent med hverandre, sier Ingunn Limstrand. Hun er seksjonsleder i friluftslivsseksjonen i Miljødirektoratet, som er den formelle arrangøren av samlingen. Men den tekniske gjennomføringen er det altså BOF som står for.

Skjærgårdstjenesten er et samarbeid mellom kommuner, fylkeskommuner og statlige myndigheter. Det er Miljødirektoratet som har det overordnede ansvaret for tjenesten. Direktoratet blander seg i svært liten grad inn

i hvordan BOF drifter Skjærgårdstjenesten lokalt, eller hvordan ansvarlige kommuner gjør det andre steder, men denne årlige samlingen er et både faglig og sosialt høydepunkt som Miljødirektoratet vurderer som viktig.

– I fjor hadde vi samlingen i Bamble i Telemark. Tidligere har vi vært blant annet på øyene i Indre Oslofjord. Å møtes slik og diskutere felles utfordringer, samtidig som vi dyrker fellesskapet, er svært nyttig.

Tilrettelegger i strandsonen

Ikke alle kjenner Skjærgårdstjenesten ut over å registrere hvordan de røde, uniformerte båtene stadig er å se på sjøen. På vei inn en fjord, ut en fjord. Frem til en øy, en holme eller en strand. Med mannskaper, materialer og maskiner. De røde, lett gjenkjennelige båtene gjør friluftslivet enklere og lettere tilgjengelig for oss alle.

Over hele Sør-Norge, og opp til Møre og Romsdal, finnes denne tjenesten som fikser kaier, fjerner boss, setter opp gapahuker, stupebrett og kanskje et toalett. Alt det som bidrar til at vi kan padle eller ro eller tømme av gårde og nyte den fantastiske norske skjærgården og erfare at noen har vært der før oss for å legge til rette for gode opplevelser.



HELLENESSET FRILUFTSLIVSOMRÅDE: BOFs båter i Skjærgårdstjenesten.

BOF har fire slike båter. Tre av dem ligger til kai på Helleneset under samlingen. Den fjerde er midlertidig tatt ut av tjeneste og plassert på land fordi den trenger utbedringer knyttet til korrosjonsskader på aluminiumsskroget.

– Tæring, forklarer Limstrand.

– Det er en utfordring som angår flere av Skjærgårdstjenestens båter, og som båtutvalget vårt har funnet det naturlig å diskutere mulige løsninger på denne samlingen.

Ut på tur

Men "Jenny", "Boffen" og "Frifant" er operative, og snart skal de frakte de rundt 70 deltakerne på samlingen en runde rundt i nærområdet. Inn i Eidsvågen, der et tynt lag is har dannet seg, rundt Storøen og tilbake til Helleneset. Det er kaldt på dekk, men solen over Kvitebjørnen, gir varme til røde kinn.

Ingunn Limstrand har arbeidssted ved Miljødirektoratets hovedkontor i Trondheim. Miljødirektoratet har det nasjonale samordningsansvaret for Skjærgårdstjenesten, som i Bergen ligger under BOF, men som i mange andre deler av landet kan ligge direkte under kommunen.

Organiseringen kan altså være ulik, men hovedoppgaven er den samme: Å drifte friluftsområdene. Holde det rent og pent og ryddig.

Herreløse båter

– Herunder ligger utfordringen med herreløse båter. Det er et viktig tema, som vi også har hatt oppe på denne samlingen. Det er en omfattende og svært ressurskrevende oppgave. Et av de tilbakevendende spørsmålene handler om hvem som har ansvaret, og hvem som skal betale, sier Limstrand.

Ofta greier man ikke å identifisere eierne av båtene. De må likevel fjernes og tas hånd om på forskriftsmessig vis. Skal det belastes Skjærgårdstjenesten, går det nødvendigvis ut over andre oppgaver.

– Det er behov for mer veiledning og juridiske avklaringer rundt ansvaret, sier Limstrand.

Også marin forsøpling har vært et viktig tema under dagens samlingen i Bergen, slik det alltid er.

Kommer snart

Limstrand har vært med "Boffen" rundt Storøen og nytt utsynet til bergenske fjorder og fjell. På land på Helleneset har hun fått omvisning i smien, på snekkerverkstedet og blitt orientert om Bofs ulike aktiviteter, initiativer og kapasiteter.

– Flott vertskap, fin samling og nydelige rammer, konkluderer Ingunn Limstrand. Joda, Skjærgårdstjenesten dukker snart opp et sted nær deg.

Nord på Askøy har dei lært å klara seg sjølve

Det er ikkje fritt for at dei som bur på den nordlege halvdelen av Askøy, stundom kjenner seg litt gløynde der i utkanten. Dei er godt vande med å klara seg sjølve.

Tekst og foto av: Knut Langeland

Foreninga "Norris-team 2034" reflekterer godt denne djupt innarbeidde haldninga om at heller enn å syta og klaga, tek ein spaden fatt sjølve. Det nyetablerte friluftsområdet ved Skipparvatnet er kroneksempelen på kva som kan koma ut av pågangsmot, godt samarbeid og det private initiativ.

Handlekraft

Først ei lita forklaring: "Norris-team 2034" framstår som eit noko kryptisk namn på ei foreining med base på Askøy. Namnet har lite og ingenting med den amerikanske aktionskodespelaren Chuck Norris å gjera. Det einaste dei har felles måtte vera handlekrafta.

"Norris" refererer til geografisk plassering. Ein norris er ein som høyrer heime nord på Askøy. "Team" fortel at det ikkje er eit einmannsføretak, endå om Jan-André Bøge må reknast for å vera den drivande krafta i foreininga. "2034" er klokkeslettet då "Norris-team 2034" vart vedteke skipa ein kveld i 2020.

Så enkelt og så komplisert. "Norris-team 2034" er i prinsippet mykje det same som eit bygdelag.

Men ifølgje Jan-André Bøge er det fullt mogleg for dei sør på Askøy å involvera seg i "Norris-team 2034".

– Vi meiner at Askøy må samarbeida på kryss og tvers, seier Bøge. Han viser til "styrken frå nordavindane" som vi alle kan bera i oss, som eit symbol på mot og kraft.

– Eg ser ikkje ned på folk

– Vi finn på ting som vi synest er positivt for lokalsamfunnet, spesielt for ungdommane, seier Jan-André Bøge (57). Han har eit langt yrkesliv bak seg, i hovudsak innanfor tryggleik og sikring av liv og eigedom.

Bøge fortel at han har vore i mangt eit basketak med aggressivt og uregjerleg klientell, men sjølv overfor dei som har påført han fysisk smerte, har han eit grunnleggjande positivt menneskesyn.

– Eg ser ikkje ned på folk. Alle er like mykje verd. Eg har sett korleis ein kan få menneske på rett kjøl i liva deira. Eg har arbeid i russektoren og sett kor flinke misbrukarane sjølve er til å plukka opp dei svake i gata. Der har vi noko å læra, seier Bøge.

Kjem sørrisane?

All bagasjen han har plukka med seg i livet, har inspirert han til å gjera det han kan for å bidra til gode oppvekstmiljø, trygge rammer og meningsfull fritid. Bøge og "Norris-team 2034" har engasjert seg i mange former for tilrettelegging på nordre del av Askøy. Fotballbaner, klubbhus, stiar og gangvegar. Mykje av det i samarbeid med Askøy kommune. "Krateret" på Herdla (omtalt i ei anna sak her i årsrapporten) er det "Norris-Team 2034" som har tilrettelagd med scene og sitjeplassar. Og sjølve juvelen i krona er det flotte friluftsområdet som i juni i fjor blei opna i Skipparvatnet like ved Fromreide.

Her er det benkar og grillplass og fint tilrettelagd med skjelsand innimellom fine sva. Eit hoppetårn er strategisk



SKIPPARVATNET: Det er ikkje kvar dag det nysnikra hoppetårnet let seg fotografera frå "sjøsida". Jan-André Bøge i framgrunnen.

plassert langsmed vegen til Eikevågen. Når isen smeltar og våren varmar det mykje brukte badevatnet, skal det hoppast frå både tre og seks meter. Så fint er det blitt at sjølv "sørrisane" er truande til å ta turen. Parkeringsplass er også opparbeidd.

– Det eksisterer planar for vidare utvikling av området. Grunneigaren, Malvin Eikevåg, er positiv til ytterlegare tilrettelegging, fortel Jan-André Bøge.

1,6 millionar

Han er svært tilfreds med at BOF har overteke driften av friluftsområdet. Han ser fram til å samarbeida med proffane i Friluftsrådet. Men alt arbeidet som til no er blitt gjort, er det "Norris-team 2034" som har stått bak. I tett samarbeid med kommunen og lokale føretak. Hoppetår-

net er bygd med god støtte frå samarbeidspartnerane. Omsett i kroner og øre summerer verdiane seg til ca. 1,6 millionar kroner.

Bøge og hans medarbeidarar i "Norris-team 2034" har nok å ta seg til. Bøge, opphavleg frå Måløy, er ein slik som alltid går svanger med ein idé eller fem, og han kvir seg ikkje for å be nokon om ei teneste, ei gåve eller eit bidrag. På lista si har han både frisbeeane på Ravnanger og naturpark på Davanger.

– Eg er vel ein som er full av spillopper. Frykteleg sosial og veldig engasjert i det eg driv med. Eg er uroleg for den verda som dei unge i dag veks opp i. Vi har ikkje éin å mista, seier Jan-André Bøge.



Amy ga BOF mye ekstraarbeid

Tekst av: Knut Langeland

Skog for over en milliard kroner ble skadet da ekstremværet Amy rammet Norge i begynnelsen av oktober 2025. Hus, bygninger og infrastruktur fikk store skader. BOF fikk mye ekstraarbeid.

107 kommuner ble etter hvert rammet da Amy feide inn over landet natt til 4. oktober 2025. Det ble tidlig klart at oppryddingen kom til å bli både kostbar, omfattende og krevende.

– Vi gikk tilsynsrunder i hele “BOF-land” for å få med oss hvilke skader stormen hadde gjort. Den første oppgaven var å lokalisere og sikre de rammede områdene, sier driftsleder i BOF, Bjørn Nilsen

Kan være farlig

Mannskapene fra BOF måtte utsette andre oppgaver. Da Amy hadde blåst forbi, var det én ting som måtte prioriteres: Rydding og sikring av de friluftsområdene som var påført skade.

– Det så ille ut mange steder, men noen områder var truffet hardere enn andre. Vi satte ting i system og gjorde vurderinger av hva som krevde umiddelbar inngripen, og hva vi kunne vente med. Ikke alle forstår hvor farlig det kan være å bevege seg i et område med mye rotvelt, sier Nilsen.

Amy var en ekstratropisk syklon. Den rammet Vest- og Nord-Europa i begynnelsen av oktober med vind opp



ROTVELT: Arbeid med å fjerne rotvelter i Øvre Hellen friluftslivsområde.

til orkans styrke. På Folgefonna ble vindstyrken målt til 62,1 meter i sekundet. Med syklonen fulgte det også mye nedbør. Nasjonalt var skadene store. Hustak blåste av, garasjer ble knust, mange ble strømløse, veier ble stengt og togene sto.

35 rotvelter i Øvre Hellen

Blant de hardest rammede områdene i “BOF-land” var et av de aller nærmeste til BOFs hovedkontor, Øvre Hellen. Det er også et mye brukt område. BOF oppfordret publikum til å utvise forsiktighet og unngå å klatre over trær som mannskapene ikke hadde fått sikret og jobbet med.

Nilsen og hans medarbeidere talte om lag 35 forholdsvis farlige rotvelter bare i Øvre Hellen. Det var trær av betydelige dimensjoner både i omkrets og lengde. Mye av det lå over stinettet. I første omgang gjaldt det å rydde området såpass at det ikke lenger var farlig for brukerne å gå der. Da den første ryddejobben var unnagjort, ble Øvre Hellen satt på pause, slik at også andre områder fikk nødvendig tilsyn.

Tidkrevende

Totalt fikk cirka 25 friluftsområder gjennomgå av Amy i større eller mindre grad. Ryddearbeidet på hvert enkelt sted har tatt fra en uke til en måned. Noen steder har BOF fått hjelp av grendalag og samarbeidende entreprenører. Tidsbruken omfatter ikke bare selve ryddingen, men også en grundig analytisk gjennomgang i forkant for å sikre at arbeidet blir gjennomført på en trygg og god måte.

– For det er farlig arbeid, dette. Vi trenger å sikre oss selv og andre gjennom god planlegging og gode prosedyrer.

Annet planlagt arbeid måtte selvsagt settes på vent mens ryddearbeidet pågikk. Nilsen påpeker at den mørke årstiden uansett er tiden for skogsarbeid, og noe av skadene som Amy medførte, skjedde i områder der BOF hadde tenkt å rydde helt uavhengig av Amys herjinger.

– Litt humoristisk kan man si at Amy kom og hjalp oss med å ta trær ned, men det er klart det medfører en stor kostnad når 6-7 mann plutselig må ta så mange arbeidstimer som det egentlig ikke var planlagt for.

Ennå gjenstår noe arbeid

Nilsen anslår at det bare i Øvre Hellen er medgått rundt 200.000 kroner i arbeidstimer og utstyr. På de andre områdene har kostnaden beløpt seg til mellom 20.000 og 50.000 kroner.

– Bensin, biler, traktorer, gravemaskiner. Alt koster, og alt er det slitasje på, sier Nilsen.

Ennå er det spor etter Amy, og i Øvre Hellen gjenstår en ukes tid med arbeid før BOF anser seg som ferdige. Bjørn Nilsen tror han med sikkerhet kan si at Amy ikke er det siste ekstremværet som rammer.

– Vi må ta høyde for mer av dette i fremtiden. Det samme gjelder rassikring. Allerede har vi sørget for å dimensjonere rør og grøfter for en villere og våtere fremtid, sier Bjørn Nilsen.

Naustdalen, nytt friluftsområde på rekordtid

Tekst og foto av: Knut Langeland

–Veit du, sa Berit Gehrke, seksjonsleiar i Universitetshagane.

–Veit du at Stiftinga (Det norske arboret, red. anm.) har eit gammalt naust nede ved sjøen?

Helene Ødven var på dette tidspunktet (våren 2024) nyttilsett direktør ved Stiftinga. Ho kom frå jobben som dagleg leiar i Bergen og Hordaland Turlag.

– Nei, er det sant? svarte Ødven.

Straks etterpå tok dei to den korte turen frå administrasjonsbygget, forbi blømande rhododendron, gjennom Rosehagen og ned til naustet i Naustdalen. Der låg det, med patina og gamle byggs naturleg ibuande autoritet, og skein om kapp med Fanafjorden.

Der og då føddest ideen om å gjera Naustdalen i Arboretet til eit lite og triveleg friluftsområde.

Idé til handling

Vegen frå idé til handling var kort. Dag Seter, dagleg leiar i Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), sit også i styret i Arboretet, der han representerer fagrådet. Han var entusiastisk til forslaget, og sidan har det gått slag i slag.

Området er blitt rydda, eine veggen har fått ny kledning, sitjeplassar på den tilliggjande grassletta er etablert,



flotte benkar produsert på Askøy er sett ut, inne har naustet fått nytt golv og langsgåande benkar, utanfor er grill og grue til bruk for publikum kome på plass.

Alt har skjedd i eit framifrå samarbeid mellom BOF, Arboretets Venner og Universitetshagane. Inkludert i BOFs arbeidslag var også organisasjonen Way Back (ei ideell stifting som arbeider for innsettes tilbakeføring til samfunnet). Resultatet er imponerende. 13. september i 2025, knapt halvanna år etter at ideen klektes, fann den offisielle opninga stad. Bjørn-Frode Schjelderup frå Bergen kommune heldt opningstalen.

Gratis å bruka

– Det har vore ei kjempeflott oppleving frå byrjing til slutt. Å samarbeida med Dag Seter, driftsleiar Bjørn Nilsen, fagarbeidar Tim Igelkjøn og alle dei andre i BOF, har vore ei utsøkt glede, seier Helene Ødven.

Ho tek seg litt inn att, for det er ikkje sant at alt arbeidet no er gjort. Jannecke Olsen, friluftskonsulent i BOF, har søkt om, og fått ja til, løyvingar som skal bidra til å fylla naustet med redningsvestar, håvar, vasskikertar, bøtter og anna utstyr som er relevant for leiken i fjøra. Alt skal vera gratis å bruka, men tilgang til naustet må bestillast via nettsida til BOF.

– No håpar vi at skuleklassar, barnehagar og andre vil bruka naustet og det flotte landskapsrommet med store tre, svaberg og strender til leik, kos og undervisning, seier Helene Ødven.

Flott frå sjøsida

Ho minner om at Naustdalen også er lett tilgjengeleg frå sjøsida. Like ved, i BUA Hjellestad, kan ein låna kajakkar. I Mildevågen er det lett å setja kajakken ut, og her er det også skilta forslag til fine ro- og padleruter.

– Naustdalen høver fint for nybyrjarar. Plassen ligg godt i le, særleg for nordvesten, påpeikar Ødven.

Naustdalen, slik plassen presenterer seg no, er resultatet av eit samarbeid mellom Universitetshagane, Arboretets venner, BOF og Stiftinga Det norske arboret. Men den lune vika inntil Fanafjorden har lang historikk som bade-plass og mykje nytta friluftsområde. I etterkant av opninga i september kunne ei eldre dame fortelja at Naustdalen var det mest nytta området til bading av dei innfødde.

– Då byfolket oppdaga området, var vi vel fornøgde med at dei føretrekte Grønnevikken. Så fekk vi ha Naustdalen i fred, sa dama.



OPNING: Naustdalen, slik plassen presenterer seg no, er resultatet av eit samarbeid mellom Universitetshagane, Arboretets venner, Bof og Stiftinga Det norske arboret.

Varmast i Arboretet

Helene Ødven trur at det nyopna friluftsområdet også kan gjera Naustdalen og tilliggjande område av Arboretet endå meir attraktive enn dei er i dag. Ho tenkjer ikkje berre på den vakre Rosehagen, Noregs største i sitt slag, men også på Hatlehaugen som byr på ei uvanleg stor samling av varmekjære tre.

– Det er den varmaste plassen i Arboretet, reklamerer Ødven.

– Vi kan alltid bli betre

Helene Johnsen har nådd milepælar i livet sitt sidan ho var tenåring. Å bli tilsett i Bergen og Omland Friluftsråd, med ansvar for marin forsøpling, var nok ikkje nokon barndomsdraum, akkurat, men det føyer seg pent inn i rekkja av minneverdige høgdepunkt for 23-åringen.

Tekst av: Knut Langeland.

– Det er ein jobb eg ikkje visste så mykje om då eg søkte, men som har vist seg å oppfylle alle dei forventningane eg hadde, og meir til, seier Helene.

Ho er fødd i Stavanger, der familien budde dei seks første åra av livet hennar. Faren dreiv butikk, mora studerte til å bli sjukepleiar, den fire år eldre broren, Benjamin, og ho sjølv gjekk i barnehage/på skule. Foreldra er begge frå Lysefjorden, og då dei flytta heim att til gamle trakter, slo dei seg ned på Nore Neset i dåverande Os kommune. Helene snakka kav

UTENFOR KONTORET PÅ HELLENESET: Helene bur i Strandvik og jobbar på Helleneset. Ho må opp i femtida om morgonen for å rekkja å koma på jobb til klokka sju.



Foto: Knut Langeland

stavangersk, men brukte kort tid på å tilpassa hennar eige talemål til det nye nabolaget.

Open og ærleg

Sidan har ho brukt lite energi på å jenka seg og syta for å passa inn. Helene har vore oppteken av å vera tru mot den ho er, det ho står for og meiner er rett.

– Eg har ikkje problem med å flagga det eg meiner, korkje politisk eller i andre spørsmål. Det er ikkje slik at eg er oppdatert på alt, men eg blir opprørt når noko går på tvers av min logikk og min fornuft, seier Helene.

Ho har vore i arbeid og tent pengar sidan ho var 16. Då byrja ho på Fusa vidaregåande skule, inspirert av storebroren, som hadde gjort det same. Han kombinerte skule med arbeid hjå Framo. Helene gjekk til oppdrettsnæringa og byrja i firmaet Bolaks, der ho fekk fast jobb etter vidaregåande.

– Det var ein fantastisk måte å gjennomføra vidaregåande opplæring på. Utsiktene til å tena pengar i skuletida var sjølvstakt ein viktig motivasjon, vedgår 23-åringen.

Kjøpte hus

Ho har ikkje festa bort pengane. Ho kjøpte sin første bil, ein Mini Cooper 2015-modell, for 105.000 kroner då ho var 18, og i fjor kjøpte ho og sambuaren, Jacob Gjernes, hus i Strandvik i Fusa. Dei to møttest så å seia på kanten av ei merd, men det tok eit par år før dei vart kjærastar. I dag jobbar Jacob i Lerøy, der han er operasjonsansvarleg i turnus på verdas største brønnbåt.

Også Helene er godt kjend med livet som turnusarbeidar. Noko av grunnen til at ho søkte seg til Bof var nettopp høvet til normal arbeidstid, slik at ho og Jacob kunne sjå kvarandre oftare.

